



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

## Ungdomsrådsmøte 25.09.19

Til stades:

Ragne Aasan, leder

Kristin Alfstad

Sebastian Hansen

Margrete Myrvold Hegge

Ingeborg Aastveit

Jon Sebastian Melby

Øystein Skattebu, ungdomskonsulent

Ikkje tilstades:

Geir Kjetil Haugene

### Sak 1 – Info til nye medlemmer

Ingeborg og Jon Sebastian er nye medlemmer og har fått ein rask gjennomgang på kva ungdomsrådet går ut på, kva for saker vi vanlegvis går gjennom og kva som er vårt formål.

### Sak 2 – Budsjettinnspill 2019

Kva vil vi framme i budsjettinnspillet?

Alle skal ha ein stad å høyre heime – korleis skal vi gjennomføre dette?

Vi vil utvide tilbodet vårt slik at alle er med.

### Gamingklubb:

På torsdagsklubbar har det vorte opplevd at biblioteket er like populært til speling som spelerommet i ungdomshuset. Vi vil gjerne gjera gaming meir sosialt. Dette vart prøvd i vår, men det var lite interesse for det. Då var det ei helg, men vi vil prøve å legge dette til ein kveld. Ulemper med dette er at det er mykje organisering og mykje utstyr som må riggast opp. Kan ein gjere det lettare ved å ha det ein fast kveld i veka. Det er kjøpt inn ein del utstyr og scenemodulane kan brukast som bord. Det må skje på frivillig basis, frivillige ungdommar som kan ha ansvar. 4-5 stk som er med på det for å kunne dra med seg andre. Vi vil prøve å inkludere de unge med å kanskje ha ei aldersbegrensing ned til 5 kl. For å kunne få med fleire med litt meir erfaring vi vi også mogleg kan opne for satse på vaksne. Det er eiga IKT-avdeling på Valdres vgs, kan vi spørje nokon her.

### Mekkeverkstad:

Vi fekk 100 000 for å lage mekkeverkstad for nokon år tilbake. Vi håpte på at foreldre kunne være med på å arrangere, men det var liten eller ingen interesse for så vi fekk ei 5% stilling til Øyvind Ortega. Det var få moglegheiter for å kunne lage eit godt tilbod ut i frå lokala, men i nokon år var det ein god kultur rundt mekkeverkstaden. Det vart ein dårlig kultur rundt mekkeklubben det siste året det blei arrangert på Furustrand og derfor måtte ein legge ned mekkeklubben på grunn av mykje hærverk.

For å kunne starte opp igjen med tilbodet må vi ha midlar til lønnskostnadar, drift og vedlikehald av bygg og på prosjekt til å jobbe med. Vi kan krevje frå kommunen at det skal lagast ei gruppe, kanskje inkludere ungdommane her, som skal kartlegge kostnad og behov.



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdommen må også engasjere seg for at tilbudet skal startast opp. Dei må være med på å bestemme kva vi skal kunne mekke på, kor stort tilbudet skal være og kven det skal være for. Det er ein viktig faktor at det faktisk er interesse for mekkeverkstad sidan det var ein såpass dårleg kultur då det blei lagt ned.

Dansekveld: Lilly Christensen er dyktig og kan brukast som instruktør. Vi vil ikkje være ei konkurranse for kulturskulen, men heller utfylle dei. Vi vil utfordre til meir freestyle og eit annleis tilbud for ungdommen, som også kan driftast på frivillig basis.

### **Sak 3 – Ungdommens fylkesting: Valg av representant og vararepresentant**

UFT er et møtepunkt for ungdomsråd i fylket som møtast 2 gonger i året. Det er foredrag om korleis ein driv gode ungdomsråd og kva som skjer i vaksenpolitikken. Her blir det også vald representantar til ungdommens fylkesutvalg. UFT og UFU skal være ungdommens stemme i fylket.

Representant: Kristin Alfstad

Vararepresentant: Ragne Aasan

### **Sak 4 – ungdomskonferansen 2019: 13.-14. november**

Oppland og Hedmark fylkeskommune saman med Trygg Trafikk Hedmark på Gjøvik. Ragne er allereie påmeldt, Kristin melder seg på, Sebastian og Ingeborg er interessert.

### **Sak 5 – Vi må bruke midlane våre**

Ninja Warrior løype/fysisk aktivitet: Løype i samanheng med den gamle skateparken. Her er det mange moglegheiter for å kunne søkje om pengar. Vi vil samarbeide med skulen for å kunne lage uteområdet på skulen også betre. Øystein vil møte med elevrådet på skulen for å utarbeide ein felles plan. NAUS bygger veldig fine uteanlegg, kanskje vi kan bli litt inspirert av det? Dette kan også være med i budsjettinnspelet. Barnehagen kan også ha glede av dette. Dette er også bra for folkehelsen og vil nok bli et samlingspunkt også for de som er litt eldre.

### **Sak 6 – vil de nye medlemmene vere med?**

Dei nye medlemmene vil halde fram i ungdomsrådet, noko vi er veldig glade for.

### **Sak 7 – sakar til neste gong**

Val av leiar, nestleiar

Vidare jobbing med budsjettinnspel

Referent

Margrete Myrvold Hegge

Øystein Skattebu